



STORD
KOMMUNE



Kristorbyen



Kompetanseplan for barnehagane i Stord kommune 2017

Foto: Mariann Steinsland

Innleiing

Kommunane får kvart år melding frå fylkesmannen om høve til å søkja om sentrale midlar til arbeid med å heva kompetansen i barnehagane. Midlane skal nyttast til kompetansetiltak for tilsette i private og kommunale barnehagar, i samsvar med formål i rammeplan og i strategien «Kompetanse for framtidens barnehage, Strategi for kompetanse og rekruttering 2014 – 2020» og nasjonalt prioriterte fagområde.

Barnehageeigar har ansvar for å følja opp måla i den sentrale kompetansestrategien. Barnehagemynde, barnehageeigar og barnehageleiar (styrar) vert forventa å ta ansvar for å sikra heilskap og god samanheng i arbeidet med kompetanseutviklinga og tilrettelegging for at tilsette kan delta på kompetanseutviklingstiltak.

Fylkesmannen fordeler dei sentrale kompetansemidlar med utgangspunkt i ein helheitleg plan for kompetanseutvikling i fylket. Barnehagemynde har ansvar for å kartleggja og utvikla ein heilskapleg plan i sin kommune. Planen skal omfatta kommunale og ikkje-kommunale barnehagar. Barnehagane sitt lokale kompetansebehov skal liggja til grunn for tiltaka, og planen skal vektleggja samarbeid og heilskapleg tenking for kompetanseutvikling. Kommunen bør ha utviklingsprosjekt mellom barnehagar og mellom barnehagar og skular.

Kompetansetiltaka skal vera kollektive og inkludera alle tilsette i barnehagen, uansett tidlegare erfaring og kompetansenivå. Barnehagen vert utvikla som pedagogisk verksemd og som lærande organisasjon når den samla kompetansen i barnehagen vert utvikla individuelt og kollektivt. Å arbeida med barnehagebasert kompetanseutvikling fordrar at barnehageeigarar og barnehageleiarar (styrarar) forankrar utviklingsarbeidet i eiga verksemd, og leier prosessen i personalgruppa. Målet er å utvikla barnehagen sin pedagogiske praksis og auka kvaliteten på barnehagen sitt pedagogiske innhald og læringsmiljø.

Kommunane skal rapportera til Fylkesmannen om bruken av sentrale kompetansemidlar innan **1. desember 2017**. Rapporten skal innehalda oversyn over kva tiltak som er sett i verk i 2017 og plan for eventuelt ubrukne midlar på rapporteringstidspunktet. Kommunen må rapportera særleg om kor mange tilsette i kommunale og private barnehagar som får tilbod om å delta i felles tiltak, og kor mange som får midlar til barnehagebaserte prosjekt innan dei tema som er prioriterte i dei nasjonale føringane.

Utdanningsdirektoratet har gitt nærare føringar for bruken av kompetansemidlar til kommunar og barnehagar for 2017:

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/kvalitet-i-barnehagen/hva-er-kvalitet-i-barnehagen/>

Utgreiing

Tre nasjonale område vert i 2017 prioritert som viktige føringar for bruk av kompetansemidlane:

- Barn si språkutvikling
Kompetansetiltaka skal vera i samanheng med relevante fagområde i rammeplanen:
 1. Kompetanse for framtidens barnehage. Strategi for kompetanse og rekruttering 2014-2020.
 2. Språkløyper² – Nasjonal strategi for språk, lesing og skrivning (2016-2019).
- Realfag i barnehagen
Kompetansetiltaka skal vera i samanheng med relevante fagområde i rammeplanen og Tett på realfag³ – Nasjonal strategi for realfag i barnehagen og grunnopplæringen (2015-2019).
- Eit godt barnehagemiljø
Kompetansetiltaka skal vera i samanheng med rammeplanen, oppfølging av NOU 2015:2 Å høre til⁴ – virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø, og Utdanningsdirektoratet sitt Grunnlagsdokument for arbeid med barnehagemiljø, skulemiljø, mobbing og andre krenkingar.

Andre tematiske satsingsområde som er aktuelle

- Pedagogisk leiing og barnehagen som lærande organisasjon
- Danning og kulturelt mangfald
- Barn med særlege behov
- Arbeid med likestilling i barnehagen
- Arbeid med dei yngste barna
- Barnehagen sin digitale praksis

Samarbeid med fagmiljø er del av kompetanseutviklingstiltaka i barnehagane. I skildring av utviklingsprosjekt, side 4 og 5 i planen, vert det gjort greie for kva miljø og korleis det aktuelle miljøet skal bidra. I søknaden er det gjort greie for kostnad knytt til bruk av fagmiljø.

Kompetanseutviklingstiltaka vert i størst mogleg grad gjennomført i barnehagen. Fagmiljøet bidreg med fagleg støtte, men står ikkje som ansvarleg for kompetanseutviklinga i den enkelte barnehage. Dette er barnehageeier sitt ansvar.

Kompetansehevingsstudie som tilsette deltek på vert sett i samanheng med den barnehagebaserte kompetanseutviklinga i barnehagen. Intern og ekstern vurdering av barnehagen sin praksis er forarbeid for å setja i gang barnehagebasert kompetanseutvikling, og sentrale kompetansemidlar kan også brukast til dette.

Fagdag i oktober og nettverksarbeid skal bidra til motivasjon og fagleg påfyll for arbeid med kompetanseutvikling i barnehagen.

Barnehagar i Stord kommune august 2017:

Nr	Namn barnehage	Tal tlsette	Kommunal / privat
1	Dalen FUS barnehage	13	Privat
2	Furuly barnehage	11	Kommunal
3	Heiane barnehage	3	Privat
4	Kåreviksmarka FUS barnehage	18	Privat
5	Naustvågen barnehage	13	Privat
6	Nordbygdo FUS barnehage	30	Privat
7	Olderdalen FUS kulturbarnehage	23	Privat
8	Sagvåg Maritime FUS barnehage	19	Privat
9	Sagvåg og Litlabø barnehage	12	Kommunal
10	Skogatufto barnehage	18	Kommunal
11	Solsikkene barnehager	8	Privat
12	Sæ barnehage	31	Privat
13	Sævarhagen FUS barnehage	22	Privat
14	Tjødnalio barnehage	11	Kommunal
15	Trodlahaugen barnehage	12	Kommunal
16	Valvatna FUS barnehage	16	Privat
17	Villvettene friluftsbarnhage	5	Privat
18	Ås barnehage	22	Privat



Foto: Tjødnalio barnehage

Skildring av utviklingsprosjekt i 2017

Alle barnehagane i kommunen er i gang med utviklingsprosjekt innan satsingsområda i strategien «Kompetanse for framtidens barnehage, Strategi for kompetanse og rekruttering 2014 – 2020» og nasjonalt prioriterte fagområde.

Tema som har fokus i prosjekta:

- Barn med særlege behov
- Pedagogisk leining – Barnehagen som lærande organisasjon
- Eit godt språkmiljø for alle barn
- Danning og kulturelt mangfald
- Trivsel i barnehagen – eit godt omsorgs- og læringsmiljø
- Tiltak sett i samanheng med Tett på realfag – Nasjonal strategi for realfag i barnehagen og grunnsopplæringa (2015-2019)
- Anna

1. Personalet i dei fem kommunale barnehagane og Ås barnehage arbeider med implementering og institusjonalisering av kompetanseløftet «**Være sammen**», som Nasjonalt senter for læringsmiljø og atferdsforskning ved Universitetet i Stavanger har vore med å utvikla. Det omhandlar i grove trekk utvikling av barnehagen som lærande organisasjon i høve arbeid med barn sin sosiale kompetanse, dei minste i barnehagen og språkutvikling. Våren 2017 deltok mellom anna dei faglege rettleiarane i barnehagane på nettverkssamling i regi av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). FOS nyttar fleire fagpersonar frå Universitetet i Stavanger som kurshaldarar og rettleiarar i arbeidet med kompetanseløftet.
2. Dei sju FUS-barnehagane arbeider med kompetanseutvikling i høve Pedagogisk leining – Barnehagen som lærande organisasjon gjennom utviklingsprosjektet «**Egenledelse i leik og læring**». Målet er å auka kvaliteten i arbeidet til personalet vedrørende barna si sosiale- og språklege utvikling og leikkompetanse deira. Barnehagane nyttar Marianne Godtfredsen og Kristian Sørensen som kurshaldarar og rettleiarar.
3. Villvettene friluftsbarnehage arbeider med utviklingsprosjektet «**Realfag i barnehagen**», og samarbeider og får rettleiing av fagpersonar frå Høgskulen på Vestlandet.
4. Solsikkene barnehager skal i gang med eit utviklingsprosjekt kring **Barn si språkutvikling**. Barnehagen delta i eit tverrfagleg prosjekt i regi og samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. Prosjektet har fokus på naturfag, norsk og forming. Barnehagen skal mellom anna sjå på arbeidet dei gjer i høve barn si språkutvikling ved såing/planting i kjøkkenhagen.
5. Sæ barnehage arbeider med prosjekt «**Korleis skapa eit språkstimulerande miljø for minoritetsspråklege barn**». Dette er eit Erasmus-prosjekt, det vil sei eit utvekslingsprogram for studentar innan EU-området og EØS-området.
6. Naustvågen barnehage arbeider med prosjekt «**Vaksne med tydelege grenser og mykje varme**». Barnehagen samarbeider med Relasjonscenteret i Stavanger i høve rettleiing og fagleg påfyll.

7. Utviklingsprosjektet «**Ein inkluderande barnehage og skule**» starta opp i januar 2017 og skal etter planen vara i 1 ½ år. Alle som arbeider med barn og unge i Stord kommune deltek i prosjektet på ulike måtar, også dei som ikkje arbeider direkte med barn i kvardagen, men som kjem inn ved behov når barnehagane og skulane treng råd og hjelp, slik som PPT, førebyggjande tenester og barnevern. Kulturskulen, vaksenopplæringa, Utdanningsforbundet, Fagforbundet, foreldrerepresentantar og dei to vidaregåande skulane på øya er også med i prosjektet.

Målsetting:

- utforma ein felles strategi for barnehagar og skular gjennom brei deltaking
- skapa ein god og heilskapleg samanheng i opplæringa til alle barn og unge i Stord kommune
- sikra ei kunnskapsbasert opplæring med tiltak ein veit kan hjelpa barnet/eleven til positiv utvikling, godt læringsutbytte og livsmeistring
- skapa kultur for å driva kontinuerleg forbetningsarbeid

Arbeidet rettar seg i stor grad mot dei tilsette og deira rolle i barnet og den unge sitt liv. Stikkord som heilskapleg, eitt utdanningsløp, felles strategi for barnehagane og skulane, dei tilsette si rolle og ansvar, felles kollektiv forståing, felles kompetanse og kultur er viktige i utviklingsprosjektet. Det skal utarbeidast ein strategi, og leiarane i alle einingar skal gjennom aktiv deltaking og medskaping vera med å utarbeida viktige føringar for målsetjing og innhald i arbeidet. Vidare vært dei ansvarlege når strategien skal implementerast.

Følgjande fokusområde har peika seg ut så langt:

- identifisera faktorar som hemmar og fremjar inkludering i barnehagen og skulen, og finna verkemiddel og tiltak som fremjar trivsel og eit godt og trygt miljø
- foreslå verkemiddel og tiltak i overgangane barnehage – grunnskule og grunnskule – vidaregåande skule
- sjå nærare på korleis organisering og praksis i barnehage og skule kan gjera behovet for spesialundervisning mindre
- sikra at elevar med ekstra behov for støtte får tilstrekkelege forventningar og læringstrykk
- vurderer korleis det tverrfaglege samarbeidet i kommunen kan fremja inkludering og sikra god kvalitet på tenestene
- identifisera kjerneoppgåvene til dei tilsette
- identifisera tidstjuvane i barnehage og skule
- sikra felles forståing for og iverksetjing av *tidleg innsats*
- finna faktorar som fremjar meir fysisk aktivitet i barnehage og skule

Prosjektet har knytt til seg Universitetet i Stavanger, ved Pål Roland som fagperson og rettleiar. Han skal ha møte med prosjektgruppa i juni og vera kurshaldar i oktober.

8. Elles har Stord kommune fått melding om at søknaden om å verta **Språkkommune** rå hausten 2017 er innvilga.
9. FOS si barnehagegruppe er i gang med planlegging av kursa og nettverka for regionen i 2017/2018. Jamfør FOS sin kursdatabse:
<http://www.fos-sunnh.no/pages/kursdatabasen.php>